

NotatDato: 26.10.2017
Arkivsak: 2017/2682-34
Saksbehandlar: mernord

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

**Spørsmål og svar i møte 08.06.2017 i utval for miljø og samferdsel,
Parkeringsmuligheter i Birkelandsskiftet**

Fylkeseldrerådet hadde spørsmålet oppe i møte 1 juni om det let seg gjera å setja av nokre parkeringsplasser for eldre som ikkje ønskjer å kjøra bil til Bergen sentrum men ønskjer å kunna parkera i Birkelandsskiftet.

Spørsmålet vart teke opp i utval for miljø og samferdsel i møte den 08.06.17:

Emne: Miljø og Samferdslemøte 8 juni 2017

Miljø og Samferdslemøte 8 juni 2017

Parkeringsmulighetene i Birkelandsskiftet?

Fylkeseldrerådet hadde spørsmålet oppe i møte 1 juni om det let seg gjera å setja av nokre parkeringsplasser for eldre som ikkje ønskjer å kjøra bil til Bergen sentrum men ønskjer å kunna parkera i Birkelandsskiftet.

Det er bebuarar i Ytrebygda som no har mista parkeringsmulighetene dei hadde tidligare fordi Skyss ifm Bybanen kun tillater parkering for dei med månedskort evt. 7- dagarskort.

Skyss og ulike velforeiningar har tidligare vore i dialog om dette, ein skulle då venta til bybanen opna til Flesland for å sjå om behovet endra seg.

Det er ca. 380 parkeringsplasser totalt i Birkelandsskiftet if. Skyss sine heimesider. Seinare tid har det no etter Bybanen går til Flesland vore gjennomført telling i tre dagar mellom Kl. 12.00-13.00 dette for å ha ei lita oversikt på korleis det ser ut ift. ledige parkeringsplasser. Resultatet er ca. 350 ledige parkeringsplasser, plasser som parkerande ikkje får tilgang til med mindre dei har månedskort.

Kan det leggjast tilrette for at folk skal reisa kollektivt, parkera ved Birkelandsskiftet?

Det vil bli ferre bilar som kjøre til sentrum av Bergen, det er ein god miljøgevinst samtidig som ein er med og nyttar seg av kollektivtilbudet slik Hordaland fylkeskommune oppmodar til å gjera.

Mvh
Synnøve Solbakken
Fylkeseldrerådet

Sjå vedlagte svar frå administrasjonen.

Vedlegg.